

UTBYGGINGSAVTALE. Mellom Meland kommune og Walde bolig AS.

Utbygging av bustadar på Nausthaugen krev betre vassforsyning. Denne vassforsyninga bør vera klar ved innflytting av bustadane dvs. sumar 2011.


Meland Kommune har i sin tiltaksplan for vassforsyning og i økonomiplanen fastsett denne utbygginga til 2014. Leidningen blir plassert om lag som synt på vedlagde teikning.

Walde bolig As ynskjer å gjennomføre denne utbygginga nå og forskutterer anlegget.

Sidan dette er eit kommunalt ansvar er det og ynskjeleg at Meland Kommune står som mottakar av faktura frå entreprenør inkl. mva. og fakturerer eit anleggsbidrag til Walde bolig As eks. mva.

Avtalen vert:

1. Walde bolig As forskutterer kostnaden med utbygging av betre vassforsyning til Nausthaugen og Nordgardshaugen.
2. Walde bolig As er ansvarleg for den tekniske gjennomføringa av anlegget.
3. Meland Kommune skal godkjenne den tekniske utforminga før igongsetting av arbeidet.
4. Arbeidet skal utførast etter innhenta anbod basert på regelverket i "Lov om off. anskaffelser".
5. Walde bolig As er ansvarleg i høve til godkjenning etter Plan-og bygningslova.
6. Meland Kommune er mottakar og betalar faktura inkl. mva. frå entreprenør som utfører arbeidet. Meland Kommune fakturerer deretter eit anleggsbidrar tilsvarende faktura frå entreprenør eks. mva. til Walde bolig AS. Anleggsbidraget skal betalast til Meland kommune før entreprenør får utbetalt sin faktura frå kommunen.
7. Seinast 01.04. 2014 betalar Meland Kommune til Walde bolig AS kostnaden med vassledning. Kostnaden skal vera etter godkjent rekneskap utan tillegg av renter i forskutteringstida.
8. Meland Kommune skal hjelpe til med å skaffe løyve frå grunneigar for plassering av leidningstracéen.
9. For utføring av tenesten etter pkt. 5 og pkt. 7 betalar Walde bolig AS til Meland kommune kr. 25.000,- eks. mva. Denne kostnaden skal ikkje reknast med i forskotteringssummen som Walde bolig As seinare får utbetalt av kommunen.

Frekhaug 17/5/11 2011.

 Walde bolig AS

 MELAND KOMMUNE
 Ordførar

 Meland Kommune.